

**Notat**

Dato: 26.02.2018  
Arkivsak: 2014/22680-8  
Saksbehandlar: eevaul

---

**Til:** Utval for miljø og samferdsel, Fylkesutvalet  
**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## Orientering om kunnngjering av tilskotsordning til trygg skuleveg og punktutbetring 2018

### Bakgrunn

Ved fylkestinget si handsaming av årsbudsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021 (PS 105/2017) i møtet 12. desember 2017 vart det, under overskrifta «Trygg skuleveg og punktutbetring», gjort følgjande vedtak: «Det vert nytta 20 000 000 ekstra til legging av meir asfaltdekke og trygg skuleveg.»

I møte i Utval for miljø og samferdsel (MISA) 7. februar 2018 vart det lagt fram sak (PS 21/2018) om korleis ekstraløyvinga skulle nyttast. Følgjande innstilling vart då fremma: «Fylkesutvalet opprettar ei søknadsordning for kommunar med ei ramme på 20,77 millionar kr i 2018. Utval for miljø og samferdsel får ansvar for tilskotsordninga, og trafikkiksikringsutvalet har innstillingsrett.»

Dei ekstra 0,77 mill. kr. er midlar overført frå 2017.

I fylkesutvalet 22. februar 2018 vart innstillinga frå MISA samrøystes vedteken.

### Om kunnngjering av tilskotsordninga

Etter innstillinga frå MISA sendte administrasjonen ut brev til kommunane (av 14. februar), der midlane til trygg skuleveg og punktutbetring vart lyst ut, med atterhald om det endelege vedtaket i fylkesutvalet. Administrasjonen vurderte det som naudsynt å informera kommunane tidleg for å ha tildelingssak klar til møte i MISA 18. april 2018.

Søknadane vert vurdert fagleg av administrasjonen og Statens vegvesen. Påskeveka gjer at denne prosessen må starta tidlegare enn elles. Søknadsfrist er difor sett til 7. mars kl. 12.00.

Etter det endelege vedtaket i fylkesutvalet vart det 23. februar sendt ut ei stadfesting av utlysinga til kommunane i Hordaland.

### Vedlegg

- 1 Tilskotsmidlar til trygg skuleveg og punktutbetring
- 2 Søknadskjema 2018. Trygg skuleveg og punktutbetring
- 3 Stadfesting av tilskotsordning til trygg skuleveg og punktutbetring 2018